

# Årsmelding 2018 - Austevoll kommune

## Innholdsoversikt

### 1 Organisasjon

1.1 Rådmann

1.2 Tilsette

1.3 Likestilling

1.4 Arbeidsmiljøutvalet

1.5 IKT

1.6 Generelt om verne- og arbeidsmiljøarbeid/HMT-arbeid

1.7 Oversyn over sjukefråvær 2018

### 2 Utvikling og forvaltning

2.1 Brann og redning

2.2 Prosjekt bygg og anlegg

2.3 Næring

2.4 Kultur og idrett

2.5 Folkehelse og frivillighet

2.6 Austevollbadet

2.7 Forvaltning, drift og vedlikehold - FDV

2.8 Plan og byggesak

2.9 Servicekontoret

### 3 Oppvekst

3.1 Barnehage

3.2 Barnevern

3.3 Pedagogisk psykologisk teneste - PPT

3.4 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

3.5 Kulturskulen

3.6 Vaksenopplæringa

3.7 Austevoll folkebibliotek

3.8 Grunnskulane

3.8.1 Selbjørn skule

3.8.2 Storebø skule

3.8.3 Austevoll ungdomsskule

4 Helse og omsorg

4.1 Legetenesta

4.2 NAV

4.3 Ergo- og fysioterapitenesta

4.4 Psykisk helse, rus og kreftomsorg

4.5 Helseservicekontoret

4.6 Jordmortenesta

4.7 Eidsbøen bufellesskap

4.8 PO-senteret

5 Økonomi og internkontroll

5.1 Nøkkeltal for Austevoll kommune

5.2 Driftsrekneskapen

5.3 Investeringsrekneskapen

5.4 Balanse

5.5 Rekneskapsskjema 1 A og 2 A Drift

5.6 Noter

# 1 Organisasjon

## 1.1 Rådmann

2018 starta med ei stor undersøking blant dei tilsette i Austevoll kommune. Bakgrunnen for dette var meldingar og anna som gjorde at formannskapet tinga ei gransking omkring openheit og ytringskultur i kommunen. KPMG gjennomførte undersøkinga. Rapporten blei lagt fram og vidaresendt kontrollutvalet i Austevoll kommune for vidare handsaming.

Seinare på året blei det gjennomført ein større helsesjekk av den kommunale drifta. Kommunestyret tinga denne hausten 2017. Denne gongen var det Agenda Kaupang AS som leia ei undersøking som fortel oss mykje om ressursbruk og kvalitet i tenestene våre. Parallellt med gransking og helsesjekk, skulle ei av dei største sakene på fleire år førebust, nemleg spørsmålet om kommunen etter 6 år skal rekommunalisera pleie- og omsorgstenestene i kommunen vår.

Spørsmåla dei tre sakene reiser, og svara som skal følgje, er langt frå klar. Dette er krevande saker som set store krav til forsvarleg sakshandsaming, involvering og kunnskap. Det er eit overordna mål at desse sakene skal bidra til å samle oss som organisasjon og auke tilliten til oss som kommune. Det er heilt sikkert dei som har undra seg over vegval undervegs og kor dette skal ende. Krevande saker har det til felles at ulike vegval har gode argument. Det vil alltid vera ulike meiningar om desse, noko som fører til vonbrot og irritasjon hos dei som ikkje får sitt vegval godkjent. Rådmannen registrerer sjølv sagt dette, men det er administrasjonen si plikt å ta avgjerder som i sum fører oss i den retning som er peika ut.

I kommunal verksemd er det viktig at me tar innover oss kven det er som peikar ut kursen. I mange saker er det administrasjonen sjølv, me har fullmakter i delegeringsreglementet som legg føringar for dette. I andre, og fortrinnsvis større og prinsipielle saker, er det formannskap og kommunestyre som avgjer. Då er det vår jobb å sørge for at me når den havna som er peika ut, og det innan rimeleg tid. Godt sjømannskap kan overførast til kommunal drift!

Alle våre sektorar jobbar lojalt og aktivt for at barn, unge og vaksne skal ha det tilbod og tenester dei fortjener i Austevoll. I 2018 har me opna Austevollbadet og starta utbygging av ein ny og flott ungdomsskule på Eidsbøen. 21 nye omsorgsbustader på Prestaneset står klar og fiskerihamna på Salthella har tatt eit nytt steg i den retning me ynskjer.

Den daglege drifta rundt omkring i alle våre einingar, er minst like viktig som opning av nybygg og andre nyhende som kanskje får større merksemd. Stor respekt for alle som kvar einaste dag samvitsfullt står på og gjer sitt beste for kommunen. Det kan ikkje understrekast nok at dette er det aller viktigaste for at me over tid har ein god og berekraftig kommune som folk vil bu i, og kor dei vil trivast.

Takk alle tilsette for flott innsats i 2018 og takk alle Austevollingar for at me får ta del i drift og bygging av den flotte kommunen vår!

Bjarte Madsen  
Rådmann Austevoll kommune

## 1.2 Tilsette

Tal pr 31.12	2017	2017	2018	2018
Tilsette inkl. undervisning	Tal	Årsverk	Tal	Årsverk
Kvinner	190	158	197	167
Menn	56	39	59	42
Totalt	246	197	256	209

Talet på fast tilsette i kommunen har auka og dette har samanheng med opning og drift av Austevollbadet. Det har også vore ei auke i talet på fast tilsette ved Eidsbøen bufellesskap kor deltidstilsette også har fått auka sin faste stillingsprosent. Gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner var 85,2 % i 2018, mot 83 % i 2017.

Dei etiske grunnverdiane for leiarar og tilsette i Austevoll kommune er:

- Truverd
- Respekt
- Openheit
- Mot
- Profesjonalitet

Desse etiske prinsippa skal vera forpliktande for alle tilsette, og det blir arbeidd med å laga etiske retningslinjer som skal gjelda for både tilsette og politikarar som skal implementerast i heile organisasjonen.

## 1.3 Likestilling

Den administrative toppleiargruppa var i 2018 samansett av 2 menn (rådmann og økonomisjef), og 3 kvinner (kommunalsjefar). Kjønnfordelinga for einings- og fagleiarnivå var 7 menn (33 prosent) og 14 kvinner (66 prosent). I arbeidsstokken totalt er 77 prosent kvinner.

Kommunen freistar å ta aktivt omsyn til likestillingsperspektivet i ulike sider av personalpolitikken. Det gjeld både tilsettingar, i lønspolitikken og i arbeidet med å redusera ufrivillig bruk av deltid.

## 1.4 Arbeidsmiljøutvalet

AMU har 6 medlemmar, 3 frå arbeidsgjevar og 3 representantar for dei tilsette. Arbeidstakarrepresentantane har leiarvervet i 2018 og 2019. Vervet går på omgang mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarrepresentantane. Bedriftshelsetenesta Volvat Bedrift A/S - har møte og talerett i AMU og har vore kalla inn til møta.

AMU har hatt 5 møte i 2018 og har handsama 30 saker inklusive referat og meldingar. AMU har handsama og uttalt seg om følgjande saker:

- Austevoll ungdomsskule – utbygging
- Arbeidsmiljø – og organisasjonskultur
- Møkster skule – endring av skulekrins
- Etablering av driftsorganisasjon Austevollbadet
- Undersøking blant tilsette om openheit, ytringskultur og varsling
- Bruk av opsjon, kontrakt mellom Austevoll kommune og Aleris Omsorg AS
- Forhandlingar, kontrakt mellom Austevoll kommune og Aleris Omsorg AS
- Budsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022
- Ethiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Austevoll kommune
- Rutinar for varsling i Austevoll kommune
- Kvartalsvis rapportar om sjukefråver

## 1.5 IKT

Digitaliseringa av kommunen held fram i alle tenester i samsvar med IKT-strategien som er vedteken. I 2018 vart kommunen sine nye internettsider sett i drift. Målsettinga er å gjere kommunal informasjon lett tilgjengeleg for innbyggjarane. Arbeidet med dette kjem til å halda fram i 2019. Fleire systemintegrasjonar som bind datasystema saman er innført slik at manuelt arbeid i sakshandsaminga vert redusert. Post frå kommunen går no for det meste elektronisk, noko som gir reduserte kostnader og forenkler postutsendingane. Posten vert levert i mottakaren sin digitale postkasse eller på Altinn.

Saman med kommunane i IKT-Nordhordland har vi i 2018 invitert til fleire anbodskonkurransar. Samarbeidet gjer oss effektive og sikre anbodsprosessar, og ikkje minst stor slagkraft i marknaden. Å stå saman om dette reduserer timar og kostnader både i anskaffinga og i implementeringa. Det er gjennom dette inngått nye avtaler på kopi/utskrift, telefoni, digital læringsplattform i skulen og velferdsteknologi. ATEA vann kontrakten på velferdsteknologi. Det vert planlagt å starta ulike installasjonar på dette feltet i første halvår 2019.

Dagleg drift av IKT i kommunen har fungert stabilt og godt gjennom heile året.


## 1.6 Generelt om verne- og arbeidsmiljøarbeid/HMT-arbeid

Austevoll kommune har rammeavtale med Volvat Bedrift A/S om levering av bedriftshelsetenester. Dette sikar kommunen tilgang til lovfesta bedriftshelseteneste med nødvendig kompetanse innan HMT.

Det er etablert eit fast samarbeid med NAV Arbeidslivssenter - Vestland der kommunen har oppnemnd eigen rådgjevar som kontaktperson i samband med oppfølging av IA -avtala. Det blei gjennomført lovfesta opplæring i arbeidsmiljø for nye verneombod og leiarar i 2018.

Austevoll kommune har utarbeida nye rutiner for varsling og konflikthåndtering. Rutinane har blitt til i samarbeid med dei tillitsvalde og er handsama i AMU, endeleg godkjenning av etiske retningslinjer vil skje i kommunestyret våren 2019.

## 1.7 Oversyn over sjukefråvær 2018



Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2018 var 7,2% mot 7,1% i 2017. Fråværet første kvartal 2018 var relativt høgt, og gjennomsnittstalet for året var høgare enn målalet i IA-handlingsplanen som er på 5,7%. Kvartalsrapportar om sjukefråvær blei etter rutine framlagt og drøfta i AMU.

## 2 Utvikling og forvaltning

### 2.1 Brann og redning

Brannmannskapa hadde 97 utrykkingar i 2018: Det var ingen større brannar eller hendingar. Eininga har brannsjef og brannmeister. Feiartenesta blei utført av 2 feiarar i til saman 1,4 årsverk. 20 personar er i mindre stillingsprosentar som utrykkingsmannskap.

Brannvesenet har stor fokus på førebyggjande arbeid både i eine- og fritidsbustader. Førebyggjande arbeid med særskilte brannobjekt vil framleis bli vektlagt i 2019.

### 2.2 Prosjekt bygg og anlegg

Eininga har 1 årsverk engasjert i prosjekt under planlegging og prosjekt under utføring. Prosjekt i prosjekteringsfase i 2018 var elevaula ved Selbjørn skule (byggetrinn 2), ferdigstilling av veg i Salthella med tilrettelegging for vatn, avlaup, veglys, straum mm - og Austevoll ungdomsskule.

#### Måloppnåing i 2018:

- Austevoll fiskerihamn, Salthella. Ferdigstilling av 3 kaiar. Økonomien i prosjektet er i samsvar med kontrakt. Tilleggsutgifter skuldast i hovudsak mudring av nedraste steinmassar frå molo. Det er montert støypemadrasser for å stabilisera massane.
- Austevollbadet
- Gråsidalvegen
- Utomhusområdet der det gamle kommunehuset stod
- Elevaula ved Selbjørn skule, byggetrinn 1
- Austevoll ungdomsskule. Hovudbygg er venteleg ferdig desember 2019

### 2.3 Næring

Austevoll blei i 2018 rangert fremst i fylket av NHO målt på attraktivitet og lokal vekstkraft. Rangeringa er basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Nasjonalt blei Austevoll rangert som nummer 4 av 422 kommunar, opp 2 plasser frå året 2017.

Innanfor kategorien næringsliv og privatøkonomi blei Austevoll rangert fremst i Norge. I målinga vert vekstkraft i privat næringsliv reflektert gjennom indikatorar for verdiskaping, nyetableringar og sysselsetting. Sterk privat kjøpekraft er òg ein positiv indikator for næringslivet.

Med gründerånd og høg gjennomføringsevne utforskar næringslivet i Austevoll nye moglegheiter knytt til havrommet. Nye verksemder kom til i 2018, medan etablert næring stadig vidareutviklar sine produkt og teneste.

På næringsfeltet skal kommunen vere rådgjevar, medspelar og tilretteleggjar. Tett samarbeid med nærings- og organisasjonsliv- og med eksterne aktørar gir resultat. I 2018, som året, før var Forskningsrådet i Austevoll for å

møte lokalt næringsliv på sin heimebane. Talet på Skattefunn-søknadar frå Austevoll-verksemder auka med 20 prosent i 2018 samanlikna med året før. Samla kvalifiserte søknadar frå næringslivet i Austevoll til om lag 250 millionar kroner i risikoavlasting og lån frå verkemiddelapparatet, då i all hovudsak gjennom ordningar administrert av Innovasjon Norge.

Prosjektet Blått kompetansesenter Austevoll signerte i januar 2018 ei rammeavtale for samarbeid med liknande kompetansesenterprosjekt i Trøndelag og i Troms. Prosjektperiode med delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune vart avslutta ved utgangen av året.

I Austevoll fiskerihamn, det nasjonale fiskerihamn-prosjektet på Salthella, blei kai-prosjekt med bygging av 3 kommunale kaiar på første molo ferdigstilt og sluttrapportert til Kystverket sommaren 2018. Prosjektet vart realisert gjennom samarbeid mellom Austevoll kommune, lokalt næringsliv og Kystverket.

Austevoll kommune samarbeider med Universitetet i Bergen, og i løpet av 2018 var kommunen mottakarorganisasjon for praksisopphold for i alt 6 studantar frå Institutt for samanliknande politikk. Studentane har bidrege til tverrfagleg i kommuneadministrasjonen, og har i nokre tilfelle assistert politisk leiar.

## 2.4 Kultur og idrett

Gjennom dei kommunale tilskotsordningane idrettstilskot, kulturtilskot, kulturtilskot retta mot eldre, kulturtilskot retta mot måla i kulturminneplanen, konsert- og arrangementstilskot og Bygdehuspotten fordelte Austevoll kommune i 2018 kr. 1.100.000 i prosjektmidlar til 38 prosjekt i regi av frivilligheita i Austevoll.

Drift av isbane i Kolbeinsvik, utstyr til- og drift av «open hall», kulturarrangement i samband med Møkster maraton, oppgradering av bygdehuset på Vinnes, det kulturhistoriske heftet «På butikken fekk me alt – om handelsstadar, landhandlarar og butikkar i Austevoll», Bygdekino, Kystsogehelg, og aktivitet i Austevoll husflidlag – ung, er døme på prosjekt som fekk kommunal støtte i 2018.

Eit prosjekt for registrering av prioriterte lokale kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden vart avslutta i 2018. Prosjektet, som var ei oppfølging av Austevoll kommune sin kulturminneplan, hadde delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune.

## 2.5 Folkehelse og frivilligheit

Folkehelse er sentralt i Austevoll. Folkehelseperspektivet gjer seg gjeldande innafor alle tenesteområda, og det vert arbeidd tverrfagleg for å fremje god helse blant innbyggjarane. Overordna vert folkehelseperspektivet teke omsyn til- og integrert i alle planar i kommunen. Arbeidet med folkehelse ut mot innbyggjarane har fokus på både fysisk og psykisk helse. Sistnemnde blant anna gjennom kommunen sitt MOT-engasjement. MOT er godt integrert på ungdomsskulen, og bidreg til å skapa meir robuste ungdommar.

Austevoll blei i 2018 medlem i «Sunne kommunar» som jobbar for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leva i. Gjennom dette nettverket vert det arbeidd med samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og som jamnar ut sosiale forskjellar.

Austevoll kommune er godkjend sendar- og mottakarorganisasjon i EU-programmet European Voluntary Service (EVS). Gjennom denne ordninga fekk kommunen i 2018 EU-finansiering for 2 utanlandske volontørar/frivillige



som hovudsakleg jobbar saman med frivilligkoordinator på frivilligsentralen, og er med å skapa aktivitet i kommunen. EVS-programmet gir oss moglegheit til å senda våre ungdommar ut i verda for å arbeide frivillig i valfrie prosjekt.

## 2.6 Austevollbadet

Austevollbadet opna for badande 19. august 2018. Ingen visste konkret kva ein kunne forventa, korkje av besøk eller økonomi. Budsjetterte tal var estimerte utifrå andre bad og grundige førehandsanalysar. Ville badet bli brukt av alle eller berre av symje-entusiastar? Var folk villige til å betala (nok) for ein slik aktivitet? Og ikkje minst, ville alt det tekniske fungera?

Personalet består av dagleg leiar og driftsteknikar kvar i 100 prosent stilling, 3 badevertar i 50 stilling, 3 badevertar i 17 prosent stilling og 1 reinhaldar i tørrsone på 50 prosent stilling.

Mykje tid i starten gjekk med til opplæring i ulike alarmsystem, livredning, reinhald, daglege rutinar osv. Vi har mykje merksemd på teknisk drift og reinhald for å oppnå best mogeleg kvalitet for våre badande. Alle har teke stort ansvar for sine oppgåver og jobbar dedikert. I tillegg til rutinar har det vore fokusert på å skapa mest mogeleg aktivitet for ulike grupper, publikum og for eksterne leigetakarar.

Publikum, både familiar og vaksne, har fått sine eigne tider, seint og tidleg. Pensjonistane har hatt god tid i badet, med kaffi og godt sosialt samver inkludert. Alle 5-åringar i Austevoll har gått på symjekurs, eit godt samarbeid med AIK. Symjegruppa til AIK har vore sterkt representert, dei har auka medlemstalet frå 200 til 260. Alle grunnskulane i kommunen har hatt symjeundervisning for alle trinn. Austevoll ASV har hatt eigne tider. Det same har fysioterapitenesta, eit tilbod me ynskjer å utvida.

Yoga har funne roen på meditasjons-symjing og ber om fleire kveldar. SeBra – ei gruppe for blinde har hatt badet for seg sjølv kvar måndag morgon. Barselduppen har også hatt tid i bassenget for foreldre og baby.

2 treningsleirar for symjeklubbar frå Bergen har vore ein suksess, overnatting i kommunen er ei hindring for slik aktivitet. I 2019 har me fleire planar for programmet, heile tida med mål om å gjere Austevollbadet endå meir attraktivt for endå fleire badande – noko som igjen skal resultera i meir folkehelse og meir trivsel.

## 2.7 Forvaltning, drift og vedlikehald - FDV

Med 9,5 årsverk har FDV det overordna ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen sine eigedommar. FDV har ansvar for oppfølging av teknisk tilsyn, forbruk av energi, dagleg reinhald, leasingbilane, uteområda sommar og vinterstid og havneområda.

Vårt tenesteområde skal ivareta kommunal eigedom og funksjonalitet for brukarar som innbyggjarane, besøkjande og tilsette i kommunen. Ressursane skal nyttast optimalt for å oppnå tilfredstillande vedlikehald, service, reinhald og levetid på kommunale bygg og eigedom.

### Evaluering av nokre hendingar og oppnådde mål i 2018:

- Er kome eit godt stykke i lagring av historikk og dokumentasjon på dei ulike kommunale bygg i vedlikehaldsprogrammet. Opplæring av tilsette er godt i gang.

- Har utbetra fleire omsorgsbustadar/leiligheiter med nye bad, kjøken og innvendige overflater.
- Har starta ny gjennomgang av reinhaldstenestene for å sjå på mogelege innsparingar.
- Har kartlagt kommunale eigedommar. Nokre av desse er no digitalt oppmålt og klar for sal. To eigedommar er seld og prosessen held fram i 2019.
- Halde fram med målet om ferdigstilling av tilstandsanalyser av kommunale bygg. Må oppdaterast årleg.

#### **Uforutsette utfordringar i 2018:**

- Varmepumpe på Austevoll ungdomsskule (drift straumforbruk på skule og bassenget ) fekk driftstans med store reparasjonskostnadar med meirforbruk av straum.
- Sjukealarmanlegget på PO-senteret var på vårparten delvis ute av drift. Dette medførte store kostnadar til service/drift fram til det blei montert nytt anlegg.
- Brannvarslingsanlegga på fleire bygg måtte skiftast ut grunna slitasje og at dei ikkje kunne koblast saman/eller blei oppdatert med heilhetleg nytt anlegg i fleire av våre nybygg og investeringsprosjekt.
- Vintervedlikehaldet påfører ekstrakostnadar bla. grunna vedtak om vintervedlikehald på private vegar over 150m og meir enn 4. bueiningar.
- Straumprisane auka vesentleg inn mot 2019. FDV starta arbeidet med å finna tiltak for å oppnå redusert straumforbruk, spesielt høgt er det på skulane og idrettshallane. Utover dette er det fokus på våre ladestasjonar for el.bilar der desse har besøk døgnet rundt.
- Ekstrakostnadar ved kommunale vegar som er øydelagt av flom/store mengder overflatevatn.
- Fleire av omsorgsbustadane har vore utsette for hærverk og misleghald. Det påfører ekstra mykje vedlikehaldskostnadar.
- Idrettsbana med løpebana og fotballbana er utbetra med ny drenering langs langsidenene.

#### **Mål og endringar for 2019:**

Det er viktig å fullføra igongsatt plan med å komplettera vedlikehaldsprogrammet og lukka avvik avdekka ved tilsyn. Vi har etterslep med omsyn til risikoanalyser for bygga våre ihht. brannkrav og ordinær drift. Målet er å vere på plass innan utgangen av 2019.

Utover dette:

- Ferdigstill nødvendige reklamasjonar på idrettsanlegga.
- Revurdere omfang av vintervedlikehald/brøytetenestene i kommunen.
- Best mogleg brukarservice og tjenesteyting.
- Bruka avsette midlar på best mogeleg vis og vera kostnadseffektiv.

Utfordringar for 2019:

Det er starta opp ei utgreiing av brannsikkerheita på kommunale bygg. Me har prioritert bygg som har bebuarar med særskilt behov for assistanse ved evakuering.

- Eidsbøen bufelleskap - utført i 2018
- gamle kommunehuset - utført i 2018
- Bekkjarvik bufelleskap

- Birgittunet
- Knivhaugane
- Lindevika

Utover dette har vi hatt ein gjennomgang av blant anna Storebø skule, Eidsbøen ungdomsskule, Selbjørn skule og Bekkjarvik brygge der det er føreteke nokre oppgraderingar. FDV er godt i gang med lukking av avvik.

## 2.8 Plan og byggesak

Byggesak har 5,7 stillingar inkl. leiar, og plan har 3 stillingar. I tillegg har bistår Stord Fitjar landbrukskontor på landbruksområdet og i viltspørsmål, og Austevoll kart (AUKAS) for matrikkelføring av bygg og ferdigstille adresseendringsprosjektet.

Eininga yter tenester innan byggesak, private reguleringsplanar, landbruk og delesaker. Det inneber byggesakshandsaming, ferdigattestar, rivingsløyve, frådeling, dispensasjon, matrikkelføring, seksjonering eigedomsmeklarapakkar, arkivering, klagesaker, konsesjonssøknadar, eigenfråsegn om konsesjonsfridom, rettleiing, adresseendring, utsleppsløyve, detaljreguleringsforslag, arbeid med områdeplan og kommuneplan.

Brukargruppene våre er privatpersonar, Austevoll kommune, lokale lag og foreiningar, samt lokale og eksterne private bedrifter.

Statistikk	Tal saker
Godkjente detaljreguleringsplansaker	10
Detaljreguleringsplanar til politisk handsaming	32
Motsegn	2
Klager på reguleringsplanar	3
Dispensasjonssaker	64
Delegerte byggesaker (ramme og eitt-trinn)	137
Klager byggesak	19

Plan- og byggesak arbeider heile tida med å auke kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga, i tillegg til å sikre at

vedtak og sakshandsaming skjer i samsvar med regelverket. Dette grepet har løfta kvaliteten, noko som visar seg mellom anna ved at fylkesmannen i dei fleste saker har delt rådmannen sitt syn i til dømes klagesaker.

Nytt sakssystem er innført i 2018. Adresseendringsprosjektet blei ikkje ferdigstilt i 2018 då det er 6 namnesaker som ikkje er avgjort hos kartverket.

Utfordringar for 2019 blir å sakshandsame innan gjeldande frister og handtere saker som kjem inn. Avdelinga må også forsøke å finne tid til å jobbe meir med ulovlighetssaker. Det er søkt om midlar frå fylkesmannen til dette.

Vidare skal avdelinga ferdigstille områdeplan for Storebø, jobbe vidare med revidering av kommuneplanen, avklare samarbeid og rutiner med AUKAS og SIM, ferdigstille adresseendringsprosjektet, vurdere innføring av infoland, innføre rutiner for vidare handtering og vedlikehald av nye adresser etterkvart som det kjem nye bustadfelt i kommunen.

## **2.9 Servicekontoret**

Servicekontoret er for mange innbyggjarar det første treffpunktet med kommunen. Dei fire tilsette har ansvar for sentralbordet, for postmottak, arkiv, søknadar – og ikkje minst generell informasjon til innbyggjarane – i tillegg til mykje meir. Ingen spørsmål er for små eller store. Servicekontoret har god oversikt over organisasjonen, dei tilsette, tenestene og kvar spørsmål skal rettast. I 2019 vil lokala til Servicekontoret bli bygd om slik at det skal bli eit meir synleg kontor for dei besøkande.

## 3 Oppvekst

### 3.1 Barnehage

Austevoll kommune er barnehagemynde og skal rettleie og sjå til at barnehagar blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen har ansvar for å legge til rette for ein samordna opptaksprosess og for at alle barn får barnehageplass i samsvar med lov. Rutiner for tilskot til barnehagar er revidert. Det same er felles rutiner for tilsyn i Midthordland kompetanseregion.

Det har vore to tilsyn etter i etter § 16 i barnehagelova i 2018, det eine er eit økonomisk tilsyn som enno ikkje er avslutta.

Barnehagane har rapportert om bemanning, arealutnytting, tal barn og alder og pedagognorm, 6 gonger i løpet av året. I samarbeid med helsevernetaten har kommuneoverlegen vore på fleire tilsyn i barnehagane (miljøretta helsevern).

Frå nytt barnehageår 1. august 2018 gjeld ny bemannings- og pedagognorm i barnehagane. Kommunen har halvårsplan for møteverksemd og har lagt til rette for tverrfaglege møteplassar med styrarar, pedagogar og andre tenester innan oppvekst.

Barnehagemynde har informert barnehagane om kompetanseutvikling og barnehagane har vore på forvaltningsmøte som gjeld nye regelverk.

Det har vore gjennomført 6 nettverksmøte for barnehageansvarlege i Midthordland kompetanseregion i 2018, der det i hovudsak har vore fokus på høyringar, gjennomføring av tilsyn, oppdatering av ulike skjema, endringar i barnehagelov og rutinar og vedtak som gjeld tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i barnehage.

### 3.2 Barnevern

Barneverntenesta jobbar for gode oppvekstvilkår gjennom eigna førebyggjande tiltak og i samarbeid med andre instansar gjennom:

- Råd og rettleiing
- Samtalar med born og unge
- Tilvising til andre instansar som psykolog, BUP, familievernkontor, statleg barnevern
- Eit tverrfagleg samarbeid med andre etatar i kommunen som jobbar med barn/unge

Overta omsorga for born for vidare plassering i fosterheim eller institusjon. Barneverntenesta har då ansvaret for oppfylging og rettleiing av fosterheim, samarbeid med institusjon, tilsyn med bornet, samvær mellom born og biologiske foreldre samt oppfylging av biologiske foreldre etter omsorgsovertaking.

Barnevernet har sine brukergupper er barn, ungdom og familiar i ein vanskeleg eller utfordrande livssituasjon, som treng oppfølging og tiltak frå barneverntenesta. Ansvarsområde gjeld for barn opptil 18 år, og i nokre tilfelle opptil 23 år dersom det er behov eller ynskje frå ungdommen om oppfylging etter fylte 18 år.

Pr. 31.12.18 hadde barneverntenesta 66 barn/unge under oppfølging, noko som er eit auke på 13 born/unge frå 2017. Barneverntenesta mottok 60 bekymringsmeldingar i 2018, noko som er eit auke på 22 frå 2017.

Barneverntenesta opplever å ha opparbeida eit godt stabilt team innad i tenesta og har eit lågt sjukefråvær. Tenesta har eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartnarar, barnehagar og skular. Barneverntenesta har deltatt på Bufdir sin kompetanseheving innan barnevern ved å deltatt på tjenestetøtteprogram saman med barneverntenesta i Kvam, Kvinnherad og Tysnes kommune. Tilsette har også deltatt på kommunale læringsnettverk i regi av Fylkesmannen. Det er gjennomført dialogmøte med representantar frå Fylkesmannen, politisk leiing og administrativ leiing. Tenesteområdet er presentert for Tenesteutvalet, og barneverntenesta har synleggjort seg sjølv i lokalavisa ved fleire høve. I budsjett 2018 blei det vedteke ei auke i bemanninga med 60% stilling. Det er innført elektronisk arkiv og sikker post, noko som fører til effektivisering av arbeid og miljøbesparande.

### **3.3 Pedagogisk psykologisk teneste - PPT**

Tilsette ved tenesta er spesialpedagogar, og har måtte kjøpt tenester frå logoped/spesialpedagog og psykolog tilsvarande 30% stilling. PPT sine brukarar er føresette, born og unge i barne- og grunnskulealder, samt vaksenopplæringa. Eininga har eit utstrekt samarbeid med andre kommunale tenesteområde og 2. linjetenesta. Tilsette ved kontoret arbeidar med kartlegging og utgreiing av lærevanskar, diagnostisering, sakkunnige vurderingar, råd og rettleiing, terapeutiske tiltak og behandling, kurs og foredrag, systemarbeid/individarbeid og tverrfagleg samarbeid. PPT driftar Zippy, program for betre psykisk helse for born i skulen.

Fagteamet som utøver spesialpedagogisk hjelp i barnehagane er plassert under PPT sitt ansvarsområde. Målsetjinga er å drive systemretta arbeid og spesialpedagogisk hjelp for barn under skulepliktig alder. Denne satsinga har vorte godt mottatt i barnehagane. Fagteamet utfører spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder, der PPT har skrive sakkunnig vurdering og kommunen har fatta vedtak. I det systemretta arbeidet har det blitt lagt vekt på å drive språkgrupper som eit lågterskeltilbod, og å gi råd og rettleiing i barnehagane for å gjere det allmennpedagogiske tilbodet best mogeleg for alle born. I 2018 hadde ein auke i aktive saker som blir følgt opp.

### **3.4 Helsestasjon- og skulehelsetenesta**

Tenesta har helsesjukepleiarar i faste stillingar, fordelt på 5,5 årsverk. 2 helsesjukepleiarar driftar helsestasjonen og har ansvar for oppfølging av barn mellom 0 til 5 år, og 4 helsesjukepleiarar arbeider i skulane med ansvar for barn og unge mellom 6 til 20 år.

Helsestasjonstenesta er ei lovpålagt teneste som ansvar for oppfølging av barn 0-5 år og deira familie. Det er fokus på både fysisk og psykisk utvikling, trivsel, foreldrerettleiing, vaksinasjon, smittevern og andre ting. Helsestasjonstenesta skal jobbe førebyggjande og helsefremjande og bidra til å førebyggje sjukdom samt fremje god fysisk og psykisk helse. Helsestasjonstenesta er eit lågterskel tilbod som skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Skulehelsetenesta er og ei lovpålagt teneste for elevar mellom 6 og 20 år. Elevane for tilbod om helsekontrollar, undervisning og vaksinasjonar etter anbefalt program.

Helsesjukepleiarar i skulen driv og ulike grupper og undervisningsopplegg for elevar, som for eksempel "Zippys venner" og VIP. Desse programma skal styrkje elevanes sjølvkjensle, deira psykiske helse samt deira sosiale

kompetanse. Helsesjukepleiarar i skulen har mykje individuelle samtaler med elevar. Helsestasjon for ungdom er eit helsetilbod for ungdom mellom 13 og 23 år, opningstider kvar torsdag 14.30 til 16.30. Det er fokus på fysisk, psykisk og seksuell helse hos ungdom. Det er jordmor, helsesjukepleiar og lege som driftar HFU. Psykolog for barn og unge skal primært jobbe helsefremmande og førebyggjande i forhold til barn og unge si psykiske helse, og er eit mellomtrinn mellom helsesjukepleiar og 2 linjetenesta (f.eks BUP).

Helsesjukepleiar deltar i ei rekkje tverrfaglege team, der målet er å kome inn med hjelp til barn og ungdom på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Nye tiltak i 2018 er undervisning i på 6. trinn i samarbeid med barnevernet om vald og seksuelle overgrep, og samtalegrupper for barn som har skilte foreldre. 2 helsesjukepleiarar har sertifisert seg i foreldrerettleiing COS (Circle of security).

Miljøretta helsevern er og ei lovpålagt oppgåve i helsesøstertenesta. Arbeidsoppgåver kan vere tuberkulosekontroll av utlendingar som flyttar til kommunen, samt anna smittevernsarbeid.

### **3.5 Kulturskulen**

Kulturskulen si brukargruppe er elevar 172/192 elevplassar i alderen 6 – 52 år. Austevoll Musikkråd, koret Eufoni, helse- og sosialetaten, psykisk helseteneste og Aleris Omsorg kjøper tenester av kulturskulen. Tilboda i kulturskulen famnar om undervisning innan musikkstart, song, piano, gitar, eklektisk gitar, bassgitar, keyboard, slagverk, bandundervisning, musikkverkstad og tilpassa musikkopplæring. Det er også tilbod om undervisning i teikning og maling, dans på barnetrinnet. (1. – 7. klassesteg), jazzdans på ungdomstrinnet (8. – 10. klassesteg), dirigentteneste for kor, aspirantopplæring for KDV skulekorps, som er det einaste skulekorpset i Austevoll. Kulturskulen organiserer og legg til rette for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Austevoll og Ungdommens kulturmonstring (UKM) i lag med Austevoll Musikkråd.

Hausten 2018 starta korpsaspirantopplæring som tilbod gjennom kulturskulen. Dette foregår på Storebø skule og Kolbeinsvik skule. Vi ynskjer og å setje i gong på Selbjørn, men der er det ikkje nok interesse enno. Elevane er frå 3. klasse og oppover.

### **3.6 Vaksenopplæringa**

Mottakarar av tenester er flyktingar og familiegjenforeinte i introduksjonsprogram og betalingselevar i norsk. 10 deltakarar tok eksamen i norsk på ulike nivå i 2018, og 5 deltakarar tok samfunnskunnskapseksamen. Andre brukargrupper får opplæring særskilt organisert for vaksne, og Opplæringslova regulerer opplæringa. Eininga samarbeider med NAV og flyktingkoordinator omkring Austevoll kommune sitt introduksjonsprogram.

### **3.7 Austevoll folkebibliotek**

Biblioteket fekk utvida og nyrenoverte lokalar i 2018, og var av den grunn heilt stengt for publikum i perioden 1. januar- 23. mars. På tross av dette var den ei betydeleg auke i besøkstala samanlikna med 2017. Den 24. mars var det offisiell opning ved ordførar, og festprogram for alle interesserte besøkande.

Biblioteket har no fått meir plass, nye møblar og fleire høvelege tilbod og nytt teknisk utstyr til bruk for publikum og til arrangement. I det heile har biblioteket vorte meir innbydande og brukarvenleg for fleire grupper av besøkande.

Biblioteket fekk og nytt utlånssystem i samband med renoveringa og dette har gjort lånesamarbeid og kommunikasjon med andre bibliotek svært mykje lettare.

Papirbøkene held seg svært godt som medium, og lever godt ved sida av e-bøker og e-aviser. Utlån av film og lydbøker har gått litt ned. Det er auka etterspurnad etter ny og aktuell litteratur.

Etter sommaren fekk biblioteket installert meirope system, som gjer at registrerte lånarar kan få avtale om å låse seg inn og bruke biblioteket i heile torget si opningstid. Dette betyr at ikkje berre privatpersonar, men og lokale lag og foreiningar kan bruka biblioteket som møtelokale eller studierom etter avtale når det elles ikkje er betjening til stades. Lokalet er kameraovervåka, og det vert varsla med lys og lyd når det er stengetid om kvelden. Før årets utgang var det over 100 registrerte lånarar som hadde fått tilgang til meirope bibliotek.

Austevoll folkebibliotek er med i eit formalisert fagleg samarbeid med 7 andre bibliotek i Sunnhordland.

## 3.8 Grunnskulane

Vi har 3 offentlege grunnskular og 1 privatskule i kommunen, og elevtalet inkludert privatskulen er i hausthalvåret 2018 på 735. Det blir levert ei årleg Kvalitetsmelding til politisk handsaming.

Tenester

- Grunnskuleopplæring 1.-10. trinn etter læreplanen Kunnskapsløftet m/forskrift
- SFO- ordning 1.-4. trinn
- Lokalitetar for og i samarbeid med kulturskulen
- Lag og organisasjonar: Trening, øving, arrangement
- Utleige av lokale til arrangement, kurs m.m.

Det er opplæringslova som regulerer grunnskule og vidaregåande opplæring i offentlege og private grunnskular. Den overordna planen for grunnskulen i Austevoll kommune er forankra i gjeldande lover og regelverk, og set føringar og mål for arbeidet i alle skulane. Planen er under revidering med målsetjing om vedtak i kommunestyret våren 2019.

### 3.8.1 Selbjørn skule

Har 184 barn fordelt på:

Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Trinn 4	Trinn 5	Trinn 6	Trinn 7
20	26	25	32	33	25	23

Skulen er TL-skule, og satsar på god opplæring av trivselsleiarane, positive samlingar og godt utstyr. Skulen samarbeider med Storebø skule, som òg er TL-skule. Undersøkingar lokalt og frå TL sentralt viser at elevane liker og set pris på TL-programmet og at det har positiv effekt på skulemiljøet.



Det har blitt arbeida med planar for tre hovudområde: a) Leseopplæringa 1.-7. trinn, b) Sosial læring og inkludering og c) Tverrfaglege tema (folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling).

Skulen held fram med lesekurs for elevar, hovudsakleg på 3. og 4. trinn. Tilbodet om lesekurs er styrka, utvikla og betre systematisert gjennom 2018. Evalueringa så langt viser at lesekurser har god effekt for dei fleste elevane. For nokre få elevar er effekten moderat eller liten.

Nasjonale kartleggingsprøver, eigne testar og skulen sin vurderingspraksis gir grunnlag

for å seia at elevane tileignar seg god allmennkunnskap. Ved å styrka praktiske sider ved

opplæringa, gjennom t.d. teknologi & design, fysak, opplæring utanfor klasserommet, villsauprosjekt og praktisk musikkopplæring (band) får elevane høve til å utvikla varierte praktiske og sosiale dugleikar, og såleis styrka eiga sjølvkjensle.

Personalet har fått skolering kap 9A i Opplæringslova: plikter, ansvar og rutinar. Skulen har laga mal for aktivitetsplan. Mobbingens psykologi har vore tema for fleire arbeidsøkter i personalet. Zippys venner er i bruk på småtrinnet. Tilrettelegging for gode aktivitetar i friminutt, og varierte aktivitetar som delar av opplæringa, bidrar til godt læringsmiljø. I elevundersøkinga hausten 2018 (7. trinn) er andel elevar som rapporterer at dei har vorte mobba 0 %.

Ny klatrepark sto klar til bruk ved skulestart hausten 2017. Dette er svært positivt for skulen. Ny balansepark og miniballbinge er komme i tillegg i 2018, og dette har skapt enno meir aktivitet.

### 3.8.2 Storebø skule

Har 301 elevar fordelt på:

1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn
45	45	38	53	42	38	41

Mål og innsatsområde:

- Gje eleven god allmennkunnskap, og høve til å utvikle eigne evner og talent
- Tidleg innsats, ekstra styrking 1.-4. trinn, innafor leseopplæring og matematikk
- Uteskule, undervisning utanfor klasserommet
- Kantine for 5-7 trinn 4 dagar i veka
- satt inn tiltak for å sikra betre trakikkområdet ved skulen
- Vakter ved busstopp etter skuletid og innkjøring forbudt på skuleområdet etter kl 8.00
- Haust 2018 blei nye bassenget tatt i bruk

### 3.8.3 Austevoll ungdomsskule

Har 204 elevar fordelt på:

2017-2018	8. trinn: 78	9. trinn: 72	10. trinn: 57
2018-2019	8. trinn: 55	9. trinn: 77	10. trinn: 72

### Mål og innsatsområde

- Samarbeid for eit godt læringsmiljø
- Skulen skal arbeide meir systematisk med måloppnåing og vurdering
- Skulen skal arbeide med å betre læraranes kompetanse innan klasseleiing
- Skulen skal arbeide for ein god individuell tilrettelagt opplæring
- MOT – skulen som samfunnsbygger
- Fokus på læringsstrategiar
- Skulen har samarbeid med Austevoll næringsråd og opplæringskontoret i Austevoll. Saman arrangerer vi Karieredagen annakvart år.
- Samarbeid med Austevoll vidaregåande der elevar i 10 kan ta fag ved vidaregåande.
- Auka fokus på at alle elevar skal få eit trygt og godt læringsmiljø
- Psykisk helse – opplegg for alle elevar våren 2019.
- Auka fokus på lesing i alle fag
- Bruk av digitale hjelpemiddel
- Musikal annakvart år

